

Nils Johan Foss  
Seimsstranda 460  
5912 SEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/3370 - 21/36551

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
01.06.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 176/22 garasje med vegtilkomst Spurkeland

Tiltak: garasje  
Byggjestad: Gbnr: 176/22  
Tiltakshavar: Nils Johan Foss  
Ansvarleg søkjar: Nils Johan Foss

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.04.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er søkt om garasje i søknad etter PBL§20-4a) utan krav om søkjar og ansvarsrettar, men den kan ikkje godkjennast utan godkjent tilkomstveg.
2. Tilkomstveg som er vist på kartet av 13.04.21 går på gbnr 176/5. For å etablere slik tilkomst krevjast det søknad i regi av ansvarleg søkjar med ansvarsrettar.
3. Privatrettslege forhold etter PBL §21-6 om rett til å etablere vegtilkomst på gbnr 176/5 skal liggje føre i søknaden. Vi rår til grensejustering eller arealoverføringa frå gbnr 176/5 til din eigedom.
4. Vegtilkomst krev dispensasjon frå planføremål LNF-område i kommunedelplanen for Lindås. Garasje krev ikkje dispensasjon i samsvar med føresegner pkt.3.4.7 til Kommunedelplanen for Lindås, jf. tabell 6.1A. Søknad om dispensasjon skal nabovarslast.
5. Det skal sendast inn tverproffilar og snitt teikningar på vegtilkomst.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.07.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Nils Johan Foss

Seimsstranda 460

5912 SEIM